



Arkivnr: 2019/2932-3

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		22.10.2019

### Klage over Statens vegvesen si avvisning av handsaming av søknad frå Anna Alrek om utvida bruk av avkøyrsløse

#### Samandrag

Klagenemnda har fått oversendt frå Statens vegvesen klage over Statens vegvesen ('SVV') sitt vedtak om å avvise søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå/til gbnr 2/27 i Fjell kommune.

SVV har avvist å gjere ei realitetshandsaming av saka, med grunngjeving i at avkøyrsløse ikkje kan byggjast uansett korleis SVV vurderer avkøyrsløsesøknaden. Fylkesrådmannen deler SVV si vurdering.

**Økonomi:** Ingen verknad.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Ingen verknad.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

### Forslag til vedtak

Klaga av 20.02.19 frå Anna Alrek over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.02.19 ikkje vert teke til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.09.2019

### Bakgrunn

Klagenemnda har i brev av 13.09.19 frå Statens vegvesen (SVV) fått oversendt klage av 20.02.19 frå Anna Alrek ('klagar') over SVV sitt vedtak av 05.02.19.

*Fjell kommune* – ikkje Sund kommune, som det står i overskrifta på oversendingsbrevet – vedtok i brev av 29.10.17 å gje Prosjektstyring Vest AS<sup>1</sup> ('PV') dispensasjon frå reguleringsføresegner for omlegging av veg og opparbeiding av avkøyrsløse på gbnr 2/27 i kommunen ('tiltaket').

I brev av 01.03.18 søkte PV om *endring* av den delen av tiltaket som gjeld vegomlegging. *Fjell kommune* gjorde i brev av 03.05.18 vedtak om å avslå denne søknaden. Dette vedtaket er no rettskraftig.

### Søknaden til SVV

I brev motteke av SVV 02.02.19 søkte klagar om løyve for å flytte den nemnde avkøyrsløse. Søknaden var ikkje grunngjeven.

### Vedtaket

I høve søknaden av 02.02.19 gjorde SVV i brev av 05.02.19 følgjande vedtak:

Med bakgrunn i ovannemnde [sjå under] og etter ei samla vurdering har vi kome til at vi ikkje handsamar søknad om flytting av avkøyrsløse, all den tid Fjell kommune har gjeve avslag på søknad om dispensasjon i saka. På dette grunnlaget avviser vi søknaden Dykkar utan vidare realitetshandsaming.

### Grunngjevinga

I brevet av 05.02.19 grunngjev SVV vedtaket sitt m.a slik:

For saker der det er naudsynt med dispensasjon etter plan- og bygningslova, slik som i denne saken med reguleringsplan for FV 203 skal dette avklarast først. Dernest skal kan [slik står det] søknad om avkøyrsløse handsamast når ein eventuell dispensasjon ligg føre. I denne saken er det gitt avslag på søknad om dispensasjon av Fjell kommune. Det ligg ikkje føre nokon dispensasjon som grunnlag for søknad om avkøyrsløse.

### Klaga

Klaga består av eit skriv frå SVV om klagerett, som er returnert med påteikning som viser til vedlagt kopi av det omtalte vedtaksbrevet av 29.10.17 frå Fjell kommune. Sistnemnde kopi er påteikna anførsle om ei *realitet* i saka. Det vil framgå av vurderinga at det ikkje er naudsynt å gå nærmare inn på denne.

### SVV si vurdering av klaga

I SVV si vurdering av klaga i brevet av 13.09.09 heiter det m.a følgjande:

[...] All den tid Fjell kommune har avslått søknaden om endring av gjeven dispensasjon, vurderer Statens vegvesen det som uriktig av oss å handsame søknad om avkøyrsløse i same området. Kommunen har vald å løyse avkøyrsløsesspørsmålet gjennom å dispensere frå reguleringsplanen, i staden for at Statens vegvesen handsamar han etter Veglova. [...] Ved vår handsaming av søknaden oppfatar vi det som feil av oss å eventuelt skulle gje eit avkøyrsløse etter Veglova, i eit område der kommunen har handsama same sak om endring av dispensasjon. Skal det gjerast endringar i høve dispensasjonen som er gjeven, må det takast kontakt med Fjell kommune som er planmynde. [...]

### SVV sitt vedtak i klagesaka

SVV sitt vedtak i klagesaka lyder slik:

---

<sup>1</sup> Org.nr 990353913.

Vi vil med bakgrunn i ovannemnde [vurdering] oppfordre Hordaland fylkeskommune til å støtte oss i sakshandsaminga i denne saka. Statens vegvesen kan ikkje fatte vedtak om flytting av avkøyrsla i ei sak, der Fjell kommune har gitt klagar avslag på endring av tidlegare gjeven dispensasjon frå reguleringsplan ved bruk av Plan og bygningslova. Det er då ikkje høve til å handsame same problemstilling etter Veglova. Fjell kommune er planmynde og soleis riktig instans for vidare handsaming av saka.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Som vist gjeld det påklaga vedtaket ei avvising frå SVV si side av å vurdere realitetane. *Dette inneber at det her berre er sjølve avvisinga som skal vurderast.* Klagenemnda skal avgjere om det var rett av SVV å avvise søknaden, eller om dei skal gjere ei reell handsaming av den.

I følgje veglova må «*avkøyrsla frå offentleg veg [...] berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven*»<sup>2</sup>. I denne saka er det frå før av avklart at den omsøkte avkøyrsla ikkje samsvarar med reguleringsplanen og at kommunen ikkje vil gje dispensasjon frå reguleringsplanen. Det vil seie at avkøyrsla ikkje kan byggjast uansett korleis SVV vurderer avkøyrslsøknaden, med mindre Fjell kommune gjer om sitt vedtak. Fjell kommune er difor, etter fylkesrådmannen si vurdering, opplagt rett organ for den vidare saksgongen, noko SVV tydeleg har gjort klagar merksam på.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er SVV sitt vedtak om ikkje å vurdere realitetane i avkøyrslsøpørsmålet og fullt og heilt i samsvar med reglane i forvaltningslova og andre lover. Fylkesrådmannen kan - m.a i lys av at «*omfanget av veiledningen må [...] tilpasses det enkelte forvaltningsorgans situasjon og kapasitet til å påta seg slik virksomhet*»<sup>3</sup> - ikkje sjå nokon grunn for SVV til å ta saka til realitetshandsaming. Fylkesrådmannen rår difor til at klaga frå Anna Alrek over SVV sitt vedtak av 05.02.19 ikkje vert teke til følgje.

---

<sup>2</sup> § 40 første ledd.

<sup>3</sup> Forvaltningslova § 11 første ledd.